



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 26.04.2019
Vår ref.: 2018/13166-40
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Bente Kopperdal Hervik

Underretting om tildeling - Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2019

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2019.

Tildeling

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 25.04.19, politisk sak 70/19 vedteke å tildele dykk 195000 kr i tilskot.

For oversikt over tildeling sjå vedlagt politisk vedtak og saksframlegg med fylkesrådmannen sine kommentar til den enkelte søknaden.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 20190101 var det kome inn 19 søknader. Samla søkesum var om lag 5,5 millionar kroner. Det er totalt 2000000 kr til fordeling under Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2019 i år. Innstillinga vart samrøystes vedteke. Individuell grunngjeving går fram av vedlagt saksframlegg.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune minst 3 veker etter mottaking av dette brevet. *Saksnummeret* skal brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- Saksnummer: 2018/13166
- Ressursnummer: 10608

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. Tilskot som ikkje er krevd utbetalt innan utgangen av dette år kan falle bort. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Aksept av tildeling

Det vert vist til forvaltningslova § 28 der det går fram at dersom ikkje søkjar klager på vedtaket innan 3 veker, er det automatisk akseptert.

Rapportering/rekneskap

Kommunen plikter å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom tildelinga må endrast vesentleg i høve til søknaden. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Midlertidig rapport skal sendast til fylkeskommunen innan 1. februar året etter at tilskot er gjeve. Rapporten skal innehalde:

- Status for kvart tiltak/prosjekt som har fått tilskot i kommunen
- Oversikt over økonomi - utbetalte og ikkje utbetalte midlar

Endeleg rapport skal sendast til fylkeskommune innan 1. februar to år etter at tilskot er gjeve og skal innehalde:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering
- Dokumentasjon i form av før og etter foto e.l.

Det er viktig å merka rapportene med saksnummer 2018/13166.

Oppfølging i kommunen

Kommunen har ansvar for vidare fordeling av midlane basert på dei innkomne søknadene og i tråd med vilkår og retningsliner for tilskotsordninga.

Kommunen har ansvar for utbetaling, kontroll og rapportering av tilskot i kommunen, og må gjere mottakar kjent med dei vedlagte «Retningsliner for tilskot til verna kulturminne i Hordaland».

Vi ber kommunen lesar grunngjeving i saksframlegget. Vilkår for tildeling er at kommunen sikrar vern av kulturminna i kulturminneplan, med omsynssone i kommuneplan samt at kulturminna vert lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden

Vi rår til at kommunen legg opp til at det utførte arbeidet vert godkjend av kommunen før utbetaling. Søkjar bør sende kommunen rekneskapsversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til innsyn i dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage* – 2018/13166. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

David J Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Elizabeth Warren

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.